



Valregelement

for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

Sist revidert 26.04.23

§ 1 Val til Studentparlamentet

§ 1-1 Valmåte og samansetjing av Studentparlamentet

Studentparlamentsvalet føregår kvart år ved studiestart. Valet skal føregå anonymt og elektronisk. Representantane vert valde for eitt studieår. Arbeidsutvalet (AU) i parlamentet er ansvarleg for gjennomføringa av valet.

Samansetjinga av Studentparlamentet vert regulert av vedtektene til Studentparlamentet, § 5-1. Det skal veljast 11 faste representantar og 11 varaer. Desse fordeler seg slik: kvar av dei fire avdelingane ved Høgskulen røystar fram to representantar. Dei tre som ut i frå stemmeoppslutning får flest stemmer totalt etter desse 8, får tildelt plass som fri representant. Når dei 11 faste representantane er på plass, vert varaplassane fylt opp på tilsvarande måte.

§ 1-2 Røysterett og valbarheit

- a) Alle registrerte studentar ved Høgskulen i Volda har røysterett ved studentparlamentsvalet.
- b) Alle registrerte studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val.

§ 1-3 Røystelikskap

Ved røystelikskap vert det avhalde omval mellom dei berørte kandidatane, der AU er valkrins. AU har då høve til å ha samtalar med kandidatane.

§ 1-4 Fristar

- a) Valet skal gjennomførast innan utgangen av september kvart år.
- b) Valtidspunkt skal annonserast minst ei veke før valet vert gjennomført.
- c) Kandidatar kan melde seg fram til dagen før avstemminga byrjar.

§ 1-5 Suppleringsval til Studentparlamentet

Suppleringsval vert gjennomført etter behov. Studentparlamentet er valkrins. Vararepresentantar rykkjer då opp, og det blir supplert frå botnen. AU annonserer suppleringsvalet, finn kandidatar og kan innstille på nye (vara)representantar for Studentparlamentet.

§ 2 Val til AU – Arbeidsutvalet i Studentparlamentet

§ 2-1 Valmåte og samansetjing av AU

Studentparlamentet vel nytt AU kvart år i april. Representantane vert valde for eit år. Valet vert gjennomført som urneval, og alminneleg fleirtal gjeld. Akklamasjon vert ikkje godkjent. Studentparlamentet set ned eit teljekorps før avstemminga. Kandidatane kan halde valtale, og det skal opnast for spørsmål frå salen til kandidatane.

Samansetjinga av AU blir regulert av vedtektene til Studentparlamentet, § 6-1. Begge kjønn skal vere representert i AU. Når AU er valt, vel Studentparlamentet ein nestleiar mellom dei innvalde AU-medlemmane. AU tiltrer ved møteslutt.

§ 2-2 Valkrins og valbarleik

- a) Studentparlamentet er valkrins.
- b) Alle registrerte studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val.

§ 2-3 Røystelikskap

Ved røystelikskap skal det haldast omval mellom dei berørte kandidatane. Studentparlamentet er valkrins. Resulterer også dette i røystelikskap, får AU og alle andre studentar som er til stades i møtet røysterett, forutan organisasjonskonsulenten og ordstyrar.

§ 2-4 Fristar for gjennomføring av valet

- a) Alle verv i AU vert valt på det siste møtet i vårsemesteret.
- b) Kandidatar kan melde seg fram til avstemminga byrjar.

§ 2-5 Suppleringsval til AU

Suppleringsval vert gjennomført etter behov, og skal gjennomførast på første studentparlamentsmøte etter at eit medlem i AU har meldt avgang. Blir ein student valt inn i AU same semester som det skal haldast ordinært val, treng ikkje vervet å lysast ut på nytt før året etter. Eit einstemmig AU avgjer dette.

§ 3 Val av tillitsvalde ved studieprogramma

§ 3-1 Valmåte

Kvart heiltids studieprogram (årseiningar, bachelor- og mastergrad), vel ein tillitsvald og ein varatillitsvald for klassen/kullet. Valet kan gjennomførast ope, men skal gjennomførast som urneval om nokon i valkrinsen bed om det. Dei tillitsvalde vert valde for eit studieår.

§ 3-2 Røysterett og valbarheit

- a) Alle studentar i valkrinsen har røysterett.
- b) Alle studentar i valkrinsen kan stille til val.

§ 3-3 Fristar

- a) Valet skal gjennomførast i løpet av dei tre første vekene i haustsemesteret.
- b) Kandidatar kan melde seg fram til avstemminga byrjar.
- c) Valresultatet skal meldast til Studentparlamentet så snart som mogleg etter at valet er gjennomført. Studieleiar eller programansvarleg er ansvarleg for dette.

§ 4 Val av studentrepresentantar til råd og utval ved Høgskulen i Volda

§ 4-1 Valmåte og samansetjing

Universitets- og høgskulelova § 4-4 slår fast at studentar ved universitet og høgskular skal utgjere minst 20 % av medlemene i alle kollegiale organ gitt avgjerslemynde ved institusjonen. Studentparlamentet er ansvarleg for gjennomføringa av val av representantar og varaer til desse utvala. Alle registrerte studentar ved Høgskulen kan stille til val. Studentparlamentet er valkrins der ikkje anna er oppgjeve, jf. § 4-2 i valreglementet. Representantane vert valde for eit studieår, og sit til det er gjennomført nytt val. Bestemmelsar knytt til verv som fylgjer verva i AU er spesifisert i § 4-3.

Valet vert som hovudregel gjennomført ved urneval (skriftleg, hemmeleg val). Valet kan godkjennast ved akklamasjon eller ordinær stemmegjeving, men må vere

hemmeleg dersom ein stemmeberettiga bed om det. Studentparlamentet skal etterstrebe kjønnsbalanse i utvala, og sørge for at vala oppfyller eventuelle spesifikke krav til samansetjing i det enkelte utvalet.

§ 4-2 Studentparlamentet som valkrins

Studentparlamentet er valkrins for fylgjande utval: Utdanningsutvalet, Internasjonalt utval, Læringsmiljøutvalet (LMU), Tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskingsstillingar (TUFO), Klagenemnda, Valstyret, Skikkanemnda og Forskingsutvalet. I tillegg er Studentparlamentet valkrins for studentrepresentantar til styret i Studentsamskipnaden i Volda.

§ 4-3 Representasjon i råd og utval basert på verv i AU

Kvart av verva i AU er kopla til ein fast plass i ulike utval ved Høgskulen. Dette er regulert av stillingsomtalanene til AU, som parlamentet har høve til å revidere kvart år. Avtroppande AU-medlemmar sit i sine respektive utval ut semesteret. Nyvalde AU-medlemmar kan møte som observatørar til dei formelt tiltrer i utvalet ved starten på haustsemesteret.

§ 4-3 Røysterett og valbarleik

- a) Alle studentar i valkrinsen har røysterett.
- b) Alle studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val.

§ 4-4 Fristar for gjennomføring av valet

- a) Val til råd og utval ved Høgskulen der Studentparlamentet er valkrins skal gjerast på det første parlamentsmøtet i haustsemesteret kvart år.
- b) Valet av studentrepresentantar til Studentsamskipnaden i Volda blir gjennomført ila vårsemesteret.
- c) Val skal annonserast minst ei veke før vala vert gjennomført.

§ 4-5 Suppleringsval til råd og utval

Suppleringsval skal gjennomførast ved behov, på første parlamentsmøte etter at ein student har meldt avgang frå sitt verv. Her gjeld same prinsipp som for studentparlamentsvalet, ved at vararepresentantar rykkjer opp, og varalista blir supplert nedanfrå.

§ 5 Val av studentrepresentantar til styret i SiVolda

§ 5-1 Valmåte og samansetjing

Forskrift om studentsamskipnader § 3 slår fast at styremedlemmar til samskipnaden blir valde gjennom sitt studentorgan. Det er studentane som avgjer studentrepresentasjonen i styret, og kor vidt den skal vere i fleirtal. Eit samskipnadsstyre kan ikkje bestå av mindre enn 5 eller meir enn 9 samla sett, jf. § 2 i forskrift om studentsamskipnader.

Studentparlamentet er ansvarleg for gjennomføringa av val av representantar og vara til styret i SiVolda. Alle registrerte studentar ved Høgskulen kan stille til val.

Representantane vert valde for eit studieår, og sit til det er gjennomført nytt val. Fristande for utlysing og gjennomføring av valet er regulert etter § 4-4 b) og c) i valreglementet.

§ 5-2 Røysterett og valbarleik

- a) Alle studentar i valkrinsen har røysterett
- b) Alle studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val

§ 5-3 Suppleringsval til styret i SiVolda

Suppleringsval skal gjennomførast ved behov. Suppleringsval skjer på første parlamentsmøte etter at ein student har meldt avgang frå sitt verv eller ikkje lenger er registrert student ved Høgskulen i Volda, jf. § 6 i forskrift om studentsamskipnader. Her gjeld same prinsipp som for studentparlamentsvalet, ved at vararepresentantar rykkjer opp, og varalista blir supplert nedanfrå.